



# Markane Skyttarlag

## Årsmelding 2007

### Styret

Styret har i 2007 vore samansett av Paul Hatledal (leiar), Andreas Solvik (nestleiar), Anne-Karin Lungård Hove (kasserar), Nils Myrvang og Marit Raftevold. Sidan sist årsmøte har styret hatt 5 møter og handsama tilsaman 32 saker. Medlemstalet har auka frå ca. 80 personar til ca. 90, og det er mellom dei yngre at auken er størst.

### Anlegg

Vi fekk eit aldri så lite sjokk ved starten på sesongen i år. Det viste seg at mykje av elektronikk, datamaskiner, kablar, telefon og høgtalaranlegg var øydelagt eller sterkt skada av store overspenningar. Skadane har skjedd i samband med det kraftige toreveret som gjekk over bygda rett før jul i 2006. Vi tok sjølvsagt kontakt med forsikringsselskapet, og fekk positive tilbakemeldingar. Vi sende inn ei førebels oppstilling av skada matriell og fekk overført 50.000,- til å kjøpe nytt utstyr for. Av dei tinga som vart skada og er skifta ut kan nemnast: Nytt høgtalaranlegg på 200 m, nye monitorar, ny kabling (her har vi greve ned rør og lagt kablane i dei). Ny telefon, ny server og ny PC. I skrivande stund er ikkje alle kostnadane summerte, men dei faktiske utgiftene pluss verdien av alt dagnadsarbeidet vert nok ein god del høgare enn dei 50.000, - vi allereie har fått utbetalt. Så gjenstår det å sjå om forsikringsselskapet er samde i våre vurderingar.

På slutten av sesongen var samlaget sin skytebanekonsulent, Rolf Spjelkavik, på synfaring saman med leiar. DFS har over fleire år fokusert på tryggleik, og dette var også tema for synfaringa. Av dei viktigaste punkta som vart påpeika kan nemnast: Hindre tilgang på sidene av standplass både på 100 m og 200 m, hogge ned ein del skog og kratt for å betre sidesikt mot skivene, betre merking inn mot farleg område og oppfriske kulefang på begge hald.

Skytebaneanlegget vårt er komplett utbygt med 10 elektroniske skiver på 200 m og 6 elektroniske skiver på 100 m. I år har vi utført nødvendig vedlikehald på dei elektroniske skivene.

### Arrangement/aktivitet

2007 har, som vanleg, vore eit år med stor aktivitet for skyttarlaget, med fleire arrangement, bingo, ymse jegeraktivitetar og deltaking på stemner.

Miniatyrseongen starta i desember i Stryn Kulturhus. Lagsmeisterskapen vart avvikla i mars, her vann Andreas Solvik med 238 poeng, føre Jarle Tvinnereim og Gunnar Øen. Rekruttklassen vart vunne av Jarle Midthjell Gjorven med 245 p føre Martin Lødemel 242 p. 23 skyttarar deltok.

Første helga i mai arrangerte vi **Vårstemne** på bane, med 150 deltakarar. Det er ein bra auke frå i fjor. I år som i fjor vart det ein hyar som stod øvst på pallen. Bertel Oddne Mjellem vann stemnet med 345 poeng, føre Ivar Fivelstad, Sunnylven med 344 p, og litt overraskande, men svært gledeleg bronse til Andreas Solvik med 343 p.

**Jegercupen** vart avvikla med 5 kveldar, der dei tre beste resultatata vart teljande. Klasse Open vart vunne av Øyvind Hopland, klasse A av Sverre Sæten, klasse B vann Lars Helge Kveen og Nybyrjarklasse vart vunne av Gisle Bøe.

Andreas Solvik vart årets jeger på **Skytingens Dag**. Han fekk 98 poeng. Dette var Andreas sin tredje siger, og han fekk dermed vandrepremien til odel og eige. Einar B. Taraldset fekk same poengsum, men vart rangert bak. Han var med på laget til Honndalssætra som vart årets jaktlag. Dei fekk 3. napp i vandrepremien, og får såleis pokalen til odel og eige. Gunnar Øen vann vendefigur med 45 p. 32 deltakarar var ein fin auke frå i fjor.

**Bilbingoen** starta 20. mai, med totalt 15 bingoar fordelt på søndagane utover sommaren fram til 26. august.

**Olsokstemnet** samla i år heile 247 skyttarar. Dette er det beste deltakarantalet dette århundre. Som vanleg vart det vist mykje god skyting og det vart spenning heilt til siste skot. Ole Arild Aa, Hyen vart vinnar for tredje gong. Han fekk 391 p. Same poengsum hadde Eivind Rørhuus Øie frå Oslo Østre, men vart rangert bak. På bronseplass kom Tor Gaute Jøingsli, Lom og Skjåk.

Markane Skyttarlag, 6763 Hornindal  
E-post: [markane@skytterlag.no](mailto:markane@skytterlag.no)

Banetelefon: 5787 7999 Org.nr: 975 549 321  
Heimeside: <http://markane.skytterlag.no>

Bank: 3795 07 02401

Leiar: Paul Hatledal

Kasserar: Anne-Karin Lundgård Hove

I fjor vann Bertel Oddne Mjellem Sparebankpokalen til odel og eige. Vi gjekk ut med spørsmål til Sparebanken om ny pokal, og det var ja med ein gong. Ny pokal er innkjøpt.

Bertel Oddne Mjellem vart vinnar av Olsokskytinga med 149 p og fekk Einar Øen s minnepremie.

Hyen vann også lagskytinga med 439 p, og fekk dermed Olsokpokalen til odel og eige.

På 100 m var det heile 4 klassevinnarar som skaut fullt hus 350 p. Det var Håkon Sætre i kl. R, Lars Haugnes i kl. ER Eirik Folldal i kl. J og Peder Holme i kl. V-65. I tillegg var det 3 skyttarar i ER og 1 i JR som hadde 350 p. Det er eit synleg bevis på god rekruttering, og at bana på Sindre er av dei aller beste. (Jmf. Adelskalendaren)

**Lagsmeisterskap på bane** i august vart, noko overraskande, vunne av Gunnar Øen med 335 poeng, føre Jarle Tvinnereim og Andreas Solvik begge med 333 poeng. I kl. R vart Martin Lødemel vinnar med 237 p, ER Jarle Midthjell Gjorven 241 p og kl. 1 Kåre R. Haugen 234 p. Til saman deltok 33 skyttarar. Jarle Midthjell Gjorven vann Einar Øen's minnepremie for beste 10 skot med 97 p.

**Lagsmeisterskap i skogsløp med skyting** vart halde 5. september i samband med samlagsstemnet. Markane fekk 2 samlagsmeisterar; Martin Lødemel i kl. R og Gisle Bøe i kl. ER. Totalt deltok 32 stk, 22 av dei representerte Markane.

Laget har hatt faste treningskveldar 3 gongar for veka. Elles har det vore jaktprøvekveldar, og Sudstranda skyttarlag har, i samsvar med avtale, disponert bana 3 kveldar.

## Sportsleg

Deltakarantalet på dei opne stemna rundt om i distriktet er lite. Jarle er den som også i år har flest stemmer, men Kai har også fått med seg fleire skytingar frå sin ståstad på Austlandet. Hyggjeleg er det også å registrere at Aslak, som har gjort trønder av seg, ønskjer å representere "gamlelaget" att. Det er også gledeleg at vi har fått med fleire ungdomsskyttarar på våre egne stemmer, og på samlagsstemnet.

Jarle vart samlagsmeister i feltskyting og på stang.

På landskyttarstemnet i Steinkjer, hadde Markane med 4 deltakarar. Neste år er LS i Førde og vi håpar på endå større deltaking, og at vi også kan får med deltakarar i dei yngre årsklassane.

## Nordfjordcupen for lag

Markane hadde med lag både i rekrutt og senior. Rekruttane gjorde det bra i første runde, men vi greidde ikkje stille lag i andre runde. Neste år vil nok rekruttane våre gjennomføre heile cupen!

Seniorane kom også i år til finalen etter å ha fått "walk over" i første runde, og deretter slo Hundeide i andre runde. Etter litt "klabb og babb" i finalen vart det bronse på laget som bestod av Jarle, Andreas, Gunnar og Paul.

## Rekruttering

Ungdomsutvalet har i sommar hatt fast trening onsdagskveldane saman med skiskyttargruppa til idrettsslaget. Det har vore stort frammøte med oppimot 25 skyttarar på det meste. Det er gledeleg å sjå at det stadig kjem nye til, og at dei som har vore med ei stund gjer framsteg for kvar sesong. Etter mi meining er arbeidet som ungdomsutvalet gjer for å legge til rette for aktiviteten til dei yngre, det viktigaste for å halde oppe eit godt og dynamisk skyttarlag. Skal laget også i framtida stå fram mellom dei beste i samlaget, er det heilt avgjerande at vi får med ungdommen. Så til ungdomsutvalet med Jostein i spissen: **STÅ PÅ. Dette er bra.**

## Økonomi

Økonomien i laget er god. Vi er gjeldfrie og har ein solid eigenkapital vi kan nytte til investeringar seinare. Det som etter kvart må / bør inn på investeringslista er renovering av standplassane med m.a. betre støydemping. Ei utviding av lagshus er også mellom høgt prioriterte ønske.

Bingoen er framleis vår største inntektskjelde, og det vart også i år eit fint overskot. Utan bingoen er det vanskeleg å tenkje seg nye og store investeringane på bananlegget i framtida.

Til slutt vil eg seie takk for meg som leiar i laget, og ønskje det nye styret lukke til.

**Takk til alle som har vore med og hjulpet til gjennom året, og lukke til med ein ny sesong!**

Markane 28.10.2007

Paul Hatledal  
-leiar-